

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2016	Formannskapet i Radøy	PS	18.02.2016
020/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	03.03.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	14/250	16/1798

Nordhordland kommune - intensjonsavtale for ny kommune

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunane i Nordhordland vedtok i 2010 å setja i gong ein prosess om å endra kommunestrukturane. Dette arbeidet gav viktig kunnskap og grunnlagsmateriale, som kommunane har hatt nytte av i arbeidet som vart formalisert etter Stortingsvedtaket om kommunereforma i 2013. Kommunane har i oppdrag å utgreie kommunestruktur og kommunestyret må innan 30.06.16 gjere eit vedtak om dei går inn for kommunesamanslåing.

Kommunestyret i Radøy vedtok 11.12.14 i sak 048/2014 følgjande:

- 1. Radøy kommune innleiar drøftingar om kommunesamanslåing med andre interesserte kommunar i regionen.*
- 2. Rådmennene i dei kommunane som vel å gå i drøftingar får i oppdrag å utarbeida nærare prosjektplan og mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet.*
- 3. Prosjektplan og mal for intensjonsavtale skal godkjennast av kommunestyret våren 2015.*
- 4. Vedtak om mogleg kommunesamanslåing vert gjort i kommunestyret våren 2016.*

Radøy kommune har delteke i to samanslåingsprosjekt. Det eine omfattar Meland, Radøy og Lindås og det andre omfatta opphavleg i tillegg Modalen, Masfjorden, Gulen, Solund og Fedje. Fleire av desse siste kommunane har og delteke i andre utgreiingar. Austrheim, Meland og Radøy har gjennom vedtak i kommunestyret trekt seg frå det store Nordhordlandsalternativet.

Lindås, Meland og Radøy utarbeidde våren 2015 ei utgreiing som skulle svara på kvifor og på kva måte ein skulle byggja ein ny kommune. Utgreiinga er følgt opp etter valet hausten 2015 og endeleg intensjonsavtale er eit resultat av denne prosessen.

Avtalen byggjer på ein føresetnad om at ein ny kommune vil stå sterkare for å løysa utfordringane i framtida enn dei eksisterande kommunane har kvar for seg. Den nye kommunen får vel 28 000 innbyggjarar og vil dekke eit areal på 679 km². Dette inneber at Nordhordland kommune er den nest største kommunen i Hordaland og blant dei 40 største kommunar i landet.

Inndelingslova § 10 seier at innbyggjarane bør høyrast før kommunestyra gjer vedtak om eventuell samanslåing.

Radøy kommune har allereie gjennomført fleire tiltak med innbyggjardialog. Med grunnlag i utkast til intensjonsavtale vart det gjennomført fire folkemøte i Radøy i november 2015, der det vart informert om prosessen, innhald i utkast til avtale og det var mogleg for innbyggjarane til å kome med spørsmål

og synspunkt på saka. Vidare var det hausten 2015 gjennomført innbyggjarundersøking om kommunesamanslåing. Det er under utarbeiding ei felles informasjonsbrosjyre om kommunesamanslåinga i dei tre aktuelle kommunane.

Etter at intensjonsavtalen er handsama i kommunestyra, vert det lagt opp til ein medverknadsprosess. Kvart kommunestyre avgjer sjølv korleis dette skal skje.

27.01.16 vedtok kommunestyret i sak 006/2016 følgjande:

Radøy kommune gjennomfører opinionsundersøking som siste høyring av innbyggjarane før kommunestyret gjer vedtak om eventuell samanslåing.

Der er vidare lagt opp til høyring av innbyggjarane med grunnlag i intensjonsavtale i form av eit folkemøte.

Sak om eventuell samanslåing er planlagt lagt til kommunestyremøtet 22.06.16.

Denne saka omhandlar berre intensjonsavtalen for alternativet med Lindås, Radøy og Meland. Alle kommunane i det store Nordhordlandsalternativet er invitert til å slutte seg til prosessen. Ein eventuell intensjonsavtale med fleire kommunar vil bli lagt fram for kommunestyret på eit seinare tidspunkt.

Vurdering

Intensjonsavtalen bør leggjast ut på høyring fram til 10. april. Det bør haldast folkemøte i høyringsperioden.

Konklusjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. «Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune» – versjon 1.0 datert 25. januar 2015 vert lagt ut på høyring. Høyringsperioden vert fram til 10. april.
2. I høyringsperioden vert det gjennomført folkemøte.

Formannskapet i Radøy - 023/2016

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

1. «Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune» – versjon 1.0 datert 25. januar 2015 vert lagt ut på høyring. Høyringsperioden vert fram til 10. april.
2. I høyringsperioden vert det gjennomført folkemøte.

Kommunestyret i Radøy - 020/2016

KS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland gav ei grundig samanstilling mellom intensjonsavtalane for 3-kommunar-alternativet og for 8-kommunar-alternativet. Ordføraren understreka at det handlar om den same avtalen, berre at 8-kommunar-avtalen er ei "volumforstørre" utgåve - inkludert nokre oppgraderingar. Han peika på at intensjonsavtalen lett vil kunne skreddarsyst dei kommunane som går inn i ein ny kommune - anten det blir to eller åtte.

Intensjonsavtalen for 3-kommunar- og 8-kommunar-alternativet blir no lagt ut på høyring, saman med Radøy-alternativet, altså rådmannen sitt notat knytt til at Radøy held fram som eigen kommune. Høyringsfristen er sett til 10. april.

Representantar for dei ulike partia gjorde i tur og orden greie for sitt syn på intensjonsavtalen for ny kommune.

Morgan Taule (Ap) ser eit stort potensiale i ein større kommune, ikkje minst innan helse- og sosialektoren og for vekst og utvikling innan næringslivet. Han fryktar ikkje at den nye kommunen vil "gløyma" folk i utkantane.

Sara Sekkingstad (Sp) legg stor vekt på at det gode ungdomsarbeidet i Radøy må bli vidareført i ein ny kommune. Ho understreka at det er innbyggjarane som skapar levande bygder, anten det er i ein liten eller stor kommune.

Silje Namtvedt (Sp) meiner det er fleire element som er utegløymt i intensjonsavtalen. Ho håpar mange engasjerer seg og kjem med innspel i høyringa, i håp om å få til ein fyldigare avtale og betre avtale.

Leif Taule (Sp) gav uttrykk for at det er viktig å sjå på byråkratiet i den nye kommunen og gje tydelege føringar for sterk politisk styring.

Frode Hervik (V) gjorde det klart at Venstre har tatt eit prinsipielt standpunkt for ein ny kommune. Han meiner det er lagt eit godt grunnlag i intensjonsavtalen. Han meiner Radøy vil få meir igjen ved å gå saman med andre enn å stå åleine, t.d. når det gjeld næringsutvikling og breiare kompetansemiljø. Han ser også potensiale i ytterlegare utvikling på kulturområdet.

Kenneth Taule Murberg (H) framheva det gode klimaet i forhandlingsutvala, og la til at storebror Lindås har vore ein fin forhandlingspartner. Han trur ikkje ein større kommune vil gå på bekostning av lokalsamfunnet, men snarare at ein sterkare kommune kan gje sterkare lokalsamfunn.

David Pletten Aasgard (KrF) ser på ein ny kommune som spennande. Han sa at KrF ønskjer seg ein stor og robust kommune for framtida.

Martin Soltveit (Sp) sa at han ikkje ønskjer å "overkjøra" radværingane, og vil difor gå ut med sitt standpunkt først etter at opinionsundersøkinga er gjennomført.

Vidar Grindheim (H) understreka at næringslivet er positiv til at det blir bygt ny kommune i Nordhordland.

Ordførar Jon Askeland meiner det er ein ny kommune som best vil ivareta radværingane sine interesser - den tryggaste framtida for radværingane er etter hans syn i ein ny og større kommune.

Ordføraren sette fram følgjande tilleggsframlegg til formannskapet si tilråding:

Intensjonsavtalen for 8 kommunar, signert 1. mars, vert også lagt ut på høyring.

Nytt pkt 3: Kommunestyret legg rådmannen sine premiss (notat) til grunn dersom Radøy held fram som eigen kommune.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet sitt framlegg, med ordføraren sitt tilleggsframlegg sett fram i møte.

KS - vedtak:

1. «Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune» – versjon 1.0 datert 25. januar 2015, og intensjonsavtalen for 8 kommunar - signert 1. mars, vert lagt ut på høyring.

Høyringsperioden vert fram til 10. april.

2. I høyringsperioden vert det gjennomført folkemøte.

3. Kommunestyret legg rådmannen sine premiss (notat) til grunn dersom Radøy held fram som eigen kommune.

Vedlegg:

intensjonsavtale_Meland_Radøy_Lindås_26-1-2016

Radøy som eigen kommune - vurderingar av økonomiske utfordringar - notat

Samanlikning av avtalane_